

Amerikanarar på sykkeltur gjennom Kvinnheradsnatur.

04.07.2017



Dei 8 i reisefølgjet fotografert i Sandavegen.

Sykkelturene i Sunnhordland er tydelegvis populære blant utanlandske turistar. Sist tirsdag snakka eg med to par frå England, og i dag la eg merke til eit turistfølgje som la turen nedom Sandakaien. Då eg tok kontakt med dei, viste det seg at det var to familiarar frå Nord Caleifornia. Dei budde i nærleiken av San Francisco.

Dei var til saman 8 personar i reisefølgjet. Dei kom frå to familiarar, og i alder spreidde dei seg frå den yngste som var 16 år til midt på 50-talet. Ein av dei hadde vore i Norge før, for to år sidan. Norgesopphaldet skulle vara i 10 dagar, og det var avslutning på ein ferie i ulike europeiske land.

Etter at dei hadde vore eit par dagar i Bergen, hadde dei teke båten til Rosendal i går. Der hadde dei overnattat på Rosendal turisthotell, og no var dei på veg til neste overnattingssstopp som var Skånevik. Dei var svært begeistra for både veret og naturen dei opplevde. Fjordar, fjell, fossefall, isbre, sauer og mykje meir kom som ein foss då dei ramsa opp det dei hadde opplevd. I Uskedalen var dei svært interessert i eit besøk på Bygdetunet Rød, men det har dessverre ope for turistar. Det vert opna etter spesiell avtale.

Då dei vinka hyggeleg farvel og for vidare, var det mogeleg at dei ville ta ein tur opp gjennom dalen for å oppleva meir av den fantastiske naturen.

Etter at dei har overnattat i Skånevik, går turen vidare til Leirvik og Bekkjarvik før dei er tilbake i Bergen. Derfrå skal dei ta toget til Oslo for å ha nokre dagar der før turen går heim til Caleifornia.

Eg såg også andre som ganske sikkert var på same sykkelferieopplegget i dag.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland.